

STYREMØTE 19/!0 -21

> Kl. 18 på Biblioteket.

>

> Disse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Elin, Mette Marie, Sunneva.

>

> Sak 38/-21 Referat og orienteringar

> * Laget har fått 24000kr til Sommarskulen.

> * Matvaredagen vart ikkje markert av VBK i år.

> * Orientering om aktivitetane fredag 22.okt. og laurdag 23. okt.:

> Fredag kl. 16 på Fjordhotellet - !0 medlemmer et middag saman med NBK-leiar.

> Fredag kl. 18 medlemsmøte på Martin Linge-huset. NBK-leiar har innlegg.

> Sjå utsendt ark om ansvarsdeling og aktivitetar elles.

> Laurdag kl. 9 NBK-leiar har første innlegg, ho reiser kl. 13.30.

> Mette Valldal har neste sekvens og Bjørg Kleppe avsluttar.

> Aktivitetar og ansvar elles sjå utsendt ark.

> * Kyrkjekaffi søndag 24. okt. Vigdis ansvarleg for å skaffe nok kaker og folk til

å hjelpe til.

> Kyrkjekaffien blir på Rådhuset.

>

> Sak 39/-21 Årsmøte

> Jordbærestova 9.nov. kl. 18.30. Tinga.

> Ordstyrar: Mette V.

> Årsmelding v/ Solveig, Rekneskap v/ Nelly. Revisorane blir sette i arbeid.

> Fylkesleiar får eit innlegg. Judith viser bilde frå VBK-aktivitetar.

> Bjørg tingar mat, enkelt kveldsmat bord.

> VBK sponsar maten med kr 100.

> Nelly: Honorar pr. oppmøte til styremedlemer? Valnemnda kan ta opp saka.

> Bjørg: Alle medlemmer vere med og ta ansvar for medlemsmøta? Setje opp

grupper.

>

> Sak 40/-21 Årsplan

> Vedtak: Solveig, Bjørg, Nelly lagar eit framlegg.

>

> Sak 41/-21 Spørsmål om å få i gong Quiz på føremiddagstid

> Vedtak:VBK er positive , 1 gong pr. måned kombinert med Onsdagstreffet som skal starte.

> Spør om medlemmer er interesserte i å ta på seg ansvar for praktisk tilrettelegging (m.a. mat).

> Eva Hilde Lingaas tek ansvar for quizen i starten.

>

> Sak 42/-21 Høyring om samfunnsdelen i kommuneplanen

> Bjørg innleia om emnet. Svarfrist er 22.okt.

> Mangel på omtale om eldre. Bussar må korrespondere med ferjer.

Nedlegging av funksjonshemma bustader.

> Vedtak: styremedlemer sender Solveig ytringar (frist torsdag) som ho skal ta med i skrivet til kommunen.

>

> Sak 43/-21 Eventuelt

> Fredag 29. okt. Ungt entreprenørskap og kulturdag på Valldal Skule for 5. - 7. kl. i Stordal, Eidsdal og Valldal.

- > Styrar v/ Valldal skule spør om VBK kan ta på seg å lage og servere mat t.d. tomatsuppe.
- > Solveig undersøker om betaling til VBK.
- > Spør på medlemsmøtet om medlemmer tek på seg arbeidet.
- > Vedtak. VBK er positive dersom medlemmer stiller opp og laget får bra honorar for innsatsen.
- >
- >
- > Sunneva Linge skrivar